

## Endringar i ytre omstende: utfordringar i to revisjonsprosjekt

*Gyri Smørdal Losnegaard & Klara Sjo*

*Universitetet i Bergen*

Ved Universitetet i Bergen (UiB) pågår to ordbokprosjekt med revisjon av tre ordbøker, to standardordbøker og ei dokumentasjonsordbok, for begge dei norske skriftspråka. Ordbøkene i prosjekta er ulike i omfang og brukargruppe, men prosjekta har nokre felles utfordringar.

Vi tar føre oss tre typar ytre systemendringar som påverkar ordbokarbeidet og utfordringar dei fører med seg i redigeringa og framstillinga av ordbokinnhaldet, og diskuterer korleis målgruppa spelar inn på løysingane vi vel.

Endringane vi tar føre oss gjeld:

### Geografi

Noreg har hatt fleire store reformar knytt til administrative einingar, den siste i 2020. Dette skapar utfordringar ved geografisk plassering (heimfesting) av ord i *Norsk Ordbok* (NO) og krev ekstrakunnskap om historie og geografi hos brukarane. I begge prosjekt må ein vurdere korleis ein skal dokumentere gamle og nye innbyggarnemningar.

### Grammatikk

I 2005 kom Språkrådet med ei ny tilråding for grammatiske termar nytta i skoleverket. I denne tilrådinga er ordklasseinndelinga endra, mellom anna har det komme til to nye ordklassar: determinativar og subjunksjonar, og fleire ord har bytt ordklasse. Standardordbøkene og NO har ulike tilnærmingar til bruk av grammatiske kategoriar.

### Rettskriving

Norsk språk er kjenneteikna av stor variasjon i norma og relativt hyppige språkreformar. NO er skriven etter 1938-normalen, men skal gjerast søkbar med moderne rettskriving og vise bøyning på like linje med Standardordbøkene. Norma gir stor valfridom, og det er ei utfordring i begge prosjekt å presentere normert bøyning på ein oversiktleg og lettfatteleg måte.

Revisjonsprosjektet reviderer *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Ordbøkene er standardordbøker som dekkjer sentrale delar av ordforrådet samt gjeldande rettskriving, bøyning og annan grammatisk informasjon.

Prosjektet *Norsk Ordbok a-h* (NO-AH) reviderer dei eldre delane av NO, som dokumenterer nynorsk skriftspråk og norsk talemål. NO inneheld mellom anna litterære sitat og opplysningar om kjelder, uttale, geografisk plassering og utbreiing av dialektord.

Nøkkelord: revisjon; kategorisering; kategoriar; standardordbok; dokumentasjonsordbok